



TILLEGGSINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 21.02.2019
Møtetid: Kl. 16.00
Møtestad: Biblioteket

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
011/2019	18/1563	Reglar om møtegodtgjersle til varamedlemmer i kommunale styre, utval, råd, nemnder m.m.	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerede vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-082
Arkivsaksnr: 18/1563	Løpenr: 19/1518
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	21.02.2019	011/2019

Reglar om møtegodtgjersle til varamedlemmer i kommunale styre, utval, råd, nemnder m.m.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunelova, Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde, KS sin rettleiar om økonomiske vilkår for folkevalde

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok 13.12.2018 (sak 058/2018) reviderte reglar om møtegodtgjersle til folkevalde i Samnanger. Dei reviderte reglane gjeld frå 01.01.2019, og inneber mellom anna at det er innført to ulike satsar for møtegodtgjersle for folkevalde («høg sats» for nokre organ og «låg sats» for andre organ).

Ordføraren har no bedt administrasjonen leggja fram ei sak med forslag om reglar om møtegodtgjersle til varamedlemmer. Bakgrunnen for ønsket er at varamedlemmer som berre deltek i ein liten del av eit møte (for eksempel berre i ei sak der den faste medlemmen er ugild), får utbetalt full møtegodtgjersle. Dette kan framstå som urimeleg i forhold til dei som deltek i heile møtet.

Dersom det skal innførast reglar om redusert møtegodtgjersle til varamedlemmer som berre deltek i delar av eit møte, ser rådmannen for seg at følgjande ordning vil kunne vera aktuell:

- *Varamedlemmer som berre deltek i handsaminga i ei sak i møte der det er fleire saker oppe til handsaming, får halv møtegodtgjersle. Andre møtande varamedlemmer får full møtegodtgjersle.*

Nokre presiseringar som bør leggjast til grunn dersom ordninga ovanfor blir innført:

1. Handsaming av interpellasjonar vert i denne samanhengen rekna som «sak» på lik linje med ordinære saker.

2. Ein varamedlem som berre deltek under handsaming av den faste medlemmen sin gildskap i ei sak, vil i denne samanhengen då ha delteke under handsaminga av saka. Dette vil gjelda sjølv om den faste medlemmen vert funnen gild i saka og varamedlemmen derfor ikkje deltek under den vidare handsaminga av saka.

Eit anna alternativ kan vera å innføra regel om at varamedlemmer som ikkje deltek på handsaminga av alle sakene i eit møte, får halv møtegodtgjersle. I så fall bør det truleg også vurderast om same regel skal gjelda for faste medlemmer.

Vurderingar og konsekvensar:

I Kommunesektorens organisasjon (KS) sin rettleiar om økonomiske vilkår for folkevalde, går det på side 19 fram at det kan fastsetjast ulikt beløp for møtegodtgjersle for medlemmer og varamedlemmer. Administrasjonen i Samnanger kommune antar at kommunestyret også vil ha høve til å fastsetja eigen sats for møtegodtgjersle for varamedlemmer som berre deltek i delar av eit møte. Dersom det skal innførast ei slik ordning, er det viktig at reglane ikkje blir så kompliserte at dei blir vanskelege å administrera. Det vil uansett ikkje vera mogleg å få til fullstendig «rettferdige» reglar.

Det bør ikkje innførast reglar der møtegodtgjersle til varamedlemmer er avhengig av kor lang tid varamedlemmen har delteke i møtet. Det bør berre skiljast på kor mange saker varamedlemmen har vore med på å handsama i møtet, sjølv om det kan variera svært mykje kor lang tid handsaminga av saker tek. Dersom det vert innført ordning med halv møtegodtgjersle til varamedlemmer som berre deltek under handsaminga av ei sak, vil det for eksempel kunne oppstå følgjande tilfelle:

- Ein varamedlem deltek under handsaminga i ei sak, og handsaminga av denne saka tek to timar. Denne varamedlemmen vil få halv møtegodtgjersle.
- Ein annan varamedlem deltek under handsaminga av tre saker, som til saman tek 15 minuttar. Denne varamedlemmen vil få full møtegodtgjersle.

Dersom det blir innført regel om halv møtegodtgjersle til varamedlemmer som ikkje deltek på handsaminga av alle sakene i eit møte, vil dette kunne bli «urettferdig» i forhold til faste medlemmer, dersom ikkje same regel også blir innført for faste medlemmer. Det er ikkje uvanleg at faste medlemmer får permisjon frå delar av eit møte (for eksempel dersom han/ho må gå før møtet er slutt), men dei får likevel full møtegodtgjersle.

Rådmannen vel å ikkje gje tilråding i denne saka, men skissa nedanfor kan om ønskeleg brukast som framlegg til vedtak. Skissa er identisk med reglane som kommunestyret vedtok 13.12.2018, med unnatak av at det er lagt inn ei tilleggssetning på slutten av punkt a og b (merka med grøn skrift). I skissa er det lagt opp til at ei eventuell ordning med halv møtegodtgjersle til varamedlemmer som berre møter i ei sak, bør gjelda for alle andre organ enn ungdomsrådet.

Skisse:

«Med verknad frå 01.01.2019 vert punkt 4.1 om møtegodtgjersle i Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle endra til:

- a. *Høg sats - Møtegodtgjersle på 0,2% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, røystestyra, sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnda for eigedomsskatt. **Varamedlemmer som berre deltek i handsaminga i ei sak i møte der det er fleire saker oppe til handsaming, får halv møtegodtgjersle.***
- b. *Låg sats - Møtegodtgjersle på 0,1% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i andre råd, styre, utval, komitear og nemnder som er oppretta av kommunestyret med heimel i kommunelova eller særlov. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til folkevalde, ikkje til medlemmer som representerer andre enn Samnanger kommune. **Varamedlemmer som berre***

deltek i handsaminga i ei sak i møte der det er fleire saker oppe til handsaming, får halv møtegodtgjersle.

- c. Kommunestyret kan bestemma at høg sats skal utbetalast òg til andre råd, styre, utval, komitear og nemnder enn dei som er lista opp i punkt a. Dette bør berre gjerast dersom det er grunn til å tru at arbeidsbelastninga for medlemmene vil vera stor. Kommunestyret kan òg bestemma at det skal utbetalast møtegodtgjersle til andre medlemmer enn folkevalde.*
- d. For ungdomsrådet fastset kommunestyret eigen sats for møtegodtgjersle.”*